

Fra: Leif Arne Økland <lo799@kyrkja.no>

Sendt: 07.03.2023 11:04:05

Til: Berit Karin Rystad <berit.karin.rystad@fedje.kommune.no>

Kopi: Evy Beate Uthaug <eu568@kyrkja.no>, svemagns <svemagns@online.no>

Emne: SV: Kontorplass

Hei Berit

Beklagar at det tok litt tid før eg svarte. Men eg måtte drøfta dette både med Anna Marit og Evy først.

Om eg har forstått deg rett så får kyrkja eitt permanent kontor?

Og forstår eg det rett at det i tillegg vil vera eitt kontor som fleire kan bruka – eller er det slik at kyrkja vil disponera dette eine kontoret som er på deling til fleire?

Litt viktig at vi får ei avklaring på dette. Om det er slik at kyrkja får ha eitt permanent kontor – der det vil vera mogeleg å lagra permar og anna – og at eg kan disponera eit fleksibelt kontor i tillegg, så vil det vera ei god løysing for oss som vi med glede vil takka ja til.

Både eg og presten vil kunna nytta og ha bruk for å ha tilgang til eit kontor som går på omgang til fleire og vi vil kunna styra arbeidstida vår slik at vi ikkje kolliderar med Kvant til dømes.

For å få til ein god arbeidsflyt mellom Austrheim og Fedje, så er det eit vesentleg poeng for oss at eg er på Fedje samstundes med Evy, sånn om lag ein gong i veka. Den dagen i veka vert brukt til fortløpande drøftingar av oppgåver som må løysast. Dette får vi ikkje til på samme måten om det er slik at eg er på Fedje på dagar som ho ikkje er der.

Mvh

Leif Arne Økland

Kyrkjeverje Austrheim og Fedje Sokn

Mi adresse er: lo799@kyrkja.no

Kontoradressa er: post.austrheim@kyrkja.no

Fra: Berit Karin Rystad <berit.karin.rystad@fedje.kommune.no>

Sendt: torsdag 2. mars 2023 17.40

Til: Leif Arne Økland <lo799@kyrkja.no>

Kopi: Stian Herøy <stian.heroy@fedje.kommune.no>

Emne: Kontorplass

Hei Leif Arne

Ut frå mine berekningar så vil vi ha eit kontor ledig i Gamlebanken. Det blir ein del mindre enn dagens kontor for å få plass til alle

Vi vil ha eit kontor til Alf Quant som brukast om fredagane. Det kan du bruke om du ikkje er der på fredagar

Elles kan det bli endringar i fht fleire tilsette etter kvart, og då må vi sjå på nytt i fht plassering av kyrkjekontoret. OK?

Med vennleg helsing

Berit Karin Rystad

Kommunedirektør Fedje kommune

Tlf 56 16 51 00 | Mobil 90619328

Internett www.fedje.kommune.no



FEDJE KOMMUNE
– *Landsbyen i havet*